

Olje- og energidepartementet
Einar Gerhardsens plass 1
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

Høyringsfråsegn til NVE si innstilling til kraftleidning Mongstad-Kollsnes

Denne fråsegna vart vedteken på Naturvernforbundet Nordhordland sitt årsmøte 30.03.11:

Kraftleidninga Mongstad-Kollsnes må i kabel

I høyringsfråsegn 06.06.08 kravde Naturvernforbundet Nordhordland jord- og sjøkabel frå Mongstad til Kollsnes. I søknaden til NVE hamna BKK på ei mellomløysing: Luftspenn over Radøy og sjøkabling i Lurefjorden på innsida av Austrheim. Etter at NVE 31.01.11 i tilrådinga si til OED underkjenner BKK og går inn for det verste tenkelege alternativet med kraftmaster over Austrheim, er vi provoserte og kampklare. Årsmøtet i Naturvernforbundet Nordhordland seier klart ifrå om at ikkje noko anna enn full kabling mellom Mongstad og Kollsnes er akseptabelt. I denne saka må OED prioriterera landskap og biologisk mangfald.

Landskap

Strandflata med lynghei i Nordhordland er som BKK påpeiker i informasjonsbrosjyren til husstandane i 2008, ”svært opne landskap, der ein luftleidning vil verta synleg på lang avstand”. Inngrepet vil bli forsterka av at dei geologiske strukturane – dei såkalla Bergensbuane – går på tvers av luftspennet. Dei nordvestgåande Bergensbuane i Nordhordland – ikkje minst på Radøy – er slik at høgdedrag vert avløyst av djupare myrdrag, småvatn og sund i mellom. Det seier seg sjølv at master på mellom 15 og 60 meters høgde må monterast nær eller på høgdedraga og slik bli endå meir dominerande i dette sårbare landskapet. Det vil også lineføringa.

Det er også grunn til å nemna at når kraftselskapa har strekt luftspenn på høgfjellet og langs fjordane, har dei prøvd å følgja lengdedrag og dalsøkk i terrenget. Slike omsyn er ikkje mogleg å ta i Nordhordland. Difor vil luftspennet over Radøy og Austrheim bli langt meir synleg og endå meir skjemmaende enn langs Hardangerfjorden.

I Øygarden har NVE innsett dette. I tilrådinga til OED justerer dei luftspennet til meir sjøkabel fordi ”den nordlege delen av Øygarden er smal, og ein luftleidning ville bandlegga uforholdsmessig stort areal, som mellom anna vert nytta til friluftsliv ...”. Frå Mjøs på Radøy til Litlås i Austrheim, kryssar NVE si kraftgate Nordangervågen, Fosnstraumen, Førlandsvågen, Njøtesundet, Monslaupen, Bakkøysundet og Keilesundet med høge mastar på smale nes, øyar og holmar. Naturinngrepet er formidabelt og langt større enn i Øygarden. Skal Øygarden få sjøkabel med den grunngevinga NVE gir, må også Austrheim få det.

Biologisk mangfald

Luftspennet vil gå gjennom store urørte naturområde med rikt og variert fugleliv med mange, slik også NVE påpeiker, raudlisteartar og ein livskraftig og veksande ørnestamme som m.a. har vorte ”eksportert” til Storbritannia. Som BKK seier i brosjyren sin: ”Det er også stor kollisjonsfare for fugl langs desse strekningane.” Eit slikt argument forsterkar behovet for kabling.

Friluftsliv og kulturminne

Under den tilrådde kraftgata til NVE ligg nokre av dei mest brukte friluftsområda i Nordhordland: Skogsmark med turstiar og fiskevatn på Radøy; lynghei med kulturstiar langsmed Fosnstraumen både på radøysida og i Austrheim. Fosnstraumen er særleg sårbar. Straumen er svært fiskerik og på europatoppen både for fridykking og stangfiske. På kvar side ligg nokre av de rikaste buplassane frå eldre steinalder i Noreg som kraftgata vil krysse rett over. Eit luftspenn over straumen med master på 60 m vil difor gjera uboteleg skade på natur- og kulturlandskap.

Stråling

Strålingsfaren frå ein 300-420 kV kraftleidning må ikkje undervurderast. Førre var-prinsippet tilseier kabling nær bustader. Dei ligg spreidd langs heile linjealternativet til NVE, også det eit argument for full kabling.

Flytryggleik

Kollisjonar mellom fly og kraftleidningar er ikkje uvanleg, t.d. i Langenuen i 2009, der kraftselskapet i ettertid har fått millionrekninga. Spennet mellom Mongstad og Radøy vil kryssa sju vågar og sund i flyleia nordvestover frå Bergen. Etter vårt syn vil det gå utover flytryggleiken, især under landing og letting med sjøfly.

Naturvernforbundet krev utvida samfunnsøkonomiske berekningar

NVE si tilråding med luftspenn over Austrheim er av BKK kostnadsrekna til 392 mill. kr, medan full kabling har ein kostnad på 1031 mill. kr. Skilnaden på 639 mill. kr er ikkje større enn den prislappen nordhordlendingar og tilreisande må rekna med å betala for tapte verdiar knytte til landskap, biologisk mangfald, friluftsliv, kulturminne, landbruk og eigedom. Likevel meiner BKK og NVE at full kabling er samfunnsøkonomisk ulønsamt.

Det finst modellar for prissetting av natur og kulturminne. Likeeins må det vera fullt mogleg å rekna inn tapet for bønder og grunneigarar i ein samfunnsøkonomisk modell. Men NVE har sjølv definert kva som skal vera med i det samfunnsøkonomiske reknestykket, og BKK følgjer oppskrifta slavisk:

- ”Innsparingar ved auka leveringstryggleik både lokalt og regionalt”
- ”Innsparingar ved mindre svinn i straumnett”
- ”Innsparingar ved større kapasitet og mindre ”flaskehalsar” i straumnett”

Vidare seier BKK: ”Desse tre punkta skal vegast opp mot prisen på å byggje leidninga.”

Andre konsekvensar er ikkje prissette. ”Dei er difor ikkje med i det samfunnsøkonomiske reknestykket”, held BKK fram.

Når NVE sjølv legg dei samfunnsøkonomiske premissene, kan det vera i strid med styresmaktene sitt ønske om at ”nytteverdien for samfunnet ved å byggja leidningen må vera større enn kostnadene”. Vi reknar det som sjølv sagt at for eksempel Miljøverndepartementet har modellar for prissetting av skadar på natur og biologisk mangfald på same vis om regjeringa fastset pris på klimavotar. Dessutan er ny og billigare kabelteknologi på trappene.

Ei klassisk naturvernsak

Kampen mot ei kraftgate gjennom Nordhordland er ei klassisk naturvernsak der landskapsverdiar og biologisk mangfald står opp mot vekst i energiforbruket og store naturinngrep. Her er BKK og NVE samde med oss, men når både BKK og NVE byggjer på utilstrekkelege samfunnsøkonomiske berekningar, blir den feilaktige konklusjonen til NVE at natur og miljø må ofrast. For kva seier BKK og NVE om den tilrådde løysinga over Radøy og Austrheim?

BKK: ”Vi har vurdert det slik at ein bør ta særleg sterke miljøomsyn og leggja sjøkabel i delar av Øygarden og Austrheim. Dette er svært opne landskap, der ein luftleidning vil verta synleg på lang avstand. Det er også stor kollisjonsfare for fugl langs desse strekningane.” Dei konkluderer med at det alternativet NVE tilrår over Radøy og Austrheim vil ha ”store negative konsekvensar for landskap” og ”store negative konsekvensar for biologisk mangfald” (Informasjonsbrosjyre frå BKK 2008)

NVE: ”Ein 300 (420) kV kraftleidning er eit stort teknisk inngrep som vil vere synleg frå mange område.” Vidare: ”Kraftleidningen vil i det ope landskapet i Øygarden og Austrheim bli eit spesielt synleg inngrep, sett frå land og frå sjøen. Den vil gå gjennom område med raudlista fugleartar og område med stor verdi for friluftsliv og kulturmiljø” (Informasjonsbrosjyre frå NVE 2011)

Sjeldan har miljøørsla fått større støtte frå kraftteknokratane. NVE legg dei fleste premissane for mykje kabling, men tilrår uforståeleg det stikk motsette. Vi set likevel vår lit til at den politiske handsaminga i OED vil føra til full kabling mellom Mongstad og Kollsnes, for dette er ei stor og klassisk naturvernsak.

Vedtak:

Med bakgrunn i store konsekvensar for landskap og biologisk mangfald krev Naturvernforbundet Nordhordland samla til årsmøte 30.01.11 full kabling av kraftleidninga Mongstad-Kollsnes.

Årsmøtet krev også at OED før dei fattar avgjerd, gjennomfører utvida samfunnsøkonomiske berekningar som inkluderer verdiar knytte til landskap, biologisk mangfald, helse, tryggleik, friluftsliv, kulturminne, landbruk og eigedom.

Jan Nordø
Leiar
Naturvernforbundet Nordhordland

